



Anita Dale

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/683 - 19/10145

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

07.05.2019

## Referat frå møte 03.05.2019

Til stades:

Frå Fagforbundet:

HTV Anita Dale

Frå Meland kommune

Rådmann Martin W. Kulild

HR- og organisasjonssjef Guro Osnes

### Bakgrunn for møtet:

Fagforbundet har bedt om drøftingsmøte med rådmannen i samband med at reinhaldstenesta skal ut på nytt anbod.

### I møte:

Fagforbundet syntes det er uheldig at dei har fått informasjon om nytt anbod frå andre enn arbeidsgjevar. Det er ein god kultur for involvering og informasjon i Meland, og ønskjer at det også skal vere tilfelle i denne saka.

Rådmannen svarar politikarane har vedtatt at delar av reinhaldet skal vere på anbod i Meland, og administrasjonen må handle ut frå dette.

Fagforbundet stiller spørsmål om økonomien når reinhald er delvis på anbod. Rådmannen svarar at det ikkje har vore gjort noko undersøkingar på dette, då det ikkje var ein del av bestillinga, men ut frå budsjetta ser ein at det vert nytta mindre på reinhald no enn tidlegare.

Det vart vidare diskusjon rundt ulike tilhøve ved privatisering av reinhald, mellom anna kommunikasjon mellom dei tilsette og selskapet som har anbodet og meldingar om dårleg reinhald.

Fagforbundet stilte også spørsmål om dei tilsette i reinhaldsbyrået er merksam på Opplæringslova §9a. Rådmannen må undersøkje dette nærare med sektorsjef teknisk, som har kontakt med reinhaldsbyrået.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad  
personalkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Guro Osnes

Martin W. Kulild

**Mottakere:**  
Anita Dale